

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
30. 12. 2016	
Ark. saksnr. 16/3996	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

<b>Søknad om tiltak utan ansvarsrett.</b> (Pbl 2008 § 20-2.)			
Er vilkåra for 3 veker handsaming stetta? (Pbl 2008 § 21-7).	Ja	<input checked="" type="checkbox"/>	
Tiltaket er i samsvar med arealplan, Pbk m/Forskr.	Nei	<input type="checkbox"/>	
Det er ikkje trong for løyve frå anna mynde.			
Rører tiltaket bygg som er oppført før 1850? (Kulturminnelova § 25, 2.ledd.)	Ja	<input type="checkbox"/>	
Hvis ja, skal det ligge føre uttale frå fylkeskommunen før igangsetting av tiltaket.	Nei	<input checked="" type="checkbox"/>	
		Inneheld tiltaket eksist. eller framtidige arbeidsplassar?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/>
<b>OBS.</b> Der det ligg føre merknader frå naboar eller gjenbuuar, må kommunen gje byggloyve før tiltaket kan utførast.		Dersom ja, skal det ligge føre samtykke frå Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket.	

<b>Søknaden gjeld.</b>							
Eigedom / Byggeplass	Gnr.	Bnr.	F.nr.	Seksj.nr.	Bygn.nr.	Bustadnr.	Kommune
	188	485				100	1263
Adresse				Postnr.	Poststad		
Bruvegen 100				5914	Isdalsfj		
Tiltaket sin art	Mindre tiltak på bygd eigedom. (Pbl 2008 § 20-2 a. Sak 10 § 3-1).						
	<input checked="" type="checkbox"/>	Tilbygg < 50m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	Frittliggende bygg. Ikkje bustadforemål < 70 m <sup>2</sup>		
	<input type="checkbox"/>	Skilt / reklame		<input type="checkbox"/>	Antennesystem		
	<input type="checkbox"/>	Anna:					
	<input type="checkbox"/>	Driftsbygg i landbruket med samla BRA < 1000m <sup>2</sup> (Pbl 2008 § 20-2 b. SAK 10 § 3-2.)					
	<input type="checkbox"/>	Mellombels byggverk eller anlegg (Pbl 2008 § 20-2 c.) og som skal stå meir enn 2år.					
<input type="checkbox"/>	Bruksendring (frå tilleggsdel til hovuddel – og motsatt innanfor ei brukseining / Bueining).						
Planlagt bruk / føremål: Altan og bod							

<b>Førehandskonferanse.</b>	
Pbl 08 §21-1.	Førehandskonferanse er halden Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/>

<b>Søknad om dispensasjon og fråvik frå teknisk forskrift (TEK).</b>		
Pbl 2008 § Kap.19.	Det vert søkt om dispensasjon frå krav i følgjande: <input type="checkbox"/> Pbl m/forkrift <input type="checkbox"/> Kommunal vedtekt <input type="checkbox"/> Arealplan <input type="checkbox"/> veglova <input type="checkbox"/> Dispensasjonssøknaden vert lagt ved på eige ark	Vedleggnr.
Pbl 2008 § 31-2.	Det vert søkt om fråvik frå TEK for eksisterande byggverk (Pbl 2008 §31-2.) Utgreiing i eige vedlegg	Vedleggnr.

<b>Arealdisponering.</b>				
Planstatus	Kryss av gjeldande plan: <input type="checkbox"/> Kommuneplan <input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Detaljplan			
	Namn på plan: Felt B	Reguleringsføremål:		
	Utrekningsreglar i gjeldande reguleringsplan: <input type="checkbox"/> Prosent utbygd areal (% BYA) <input type="checkbox"/> Tillete bruksareal (T-BRA m <sup>2</sup> ). <input type="checkbox"/> Prosent tomtutnytting (% TU) <input type="checkbox"/> Anna			
Tomteareal	Oppmål tomt <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Tomteareal:		
Byggverk-areal og Grad av utnytting	Tal høgder (Tek § 4-1)	Eksisterande tiltak	Nytt tiltak	Sum
	Bruksareal BRA (NS 3940 eller TEK§3-5)	Bod:	Riving gjenoppføring	
	Bygd areal BYA (NS 3940)		Ny altan nord	
			Utviding av altan sør	
Utrekna grad av utnytting som følgje av det nye tiltaket:				
Vis utrekning av grad av utnytting her:				

Arealdisponering. Forts	
Plassering av tiltaket	Er høgspenning i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	Kan vass- og avløpsleidingar vere i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<b>Tilknytning til veg og leidningsnett.</b>	
Tilkomst. Veglova §§ 40-43. Pbl 2008 §27-4.	Gjev tiltaket endra tilkomst? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	Tomta har tilkomst til følgjande veg, medan tilkomsten er opparbeida og open for ålment ferdsle:
	<input type="checkbox"/> Riksveg / fylkesveg. Er løyve til avkøyring gjeve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	<input type="checkbox"/> Kommunal veg. Er løyve til avkøyring gjeve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	<input type="checkbox"/> Privat veg. Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Vassforsyning. Pbl 2008 § 27-2, § 27-3.	Tilknytning i forhold til tomta.
	<input type="checkbox"/> Offentleg vassverk.
	<input type="checkbox"/> Annan privat vassforsyning.
	<input type="checkbox"/> Annan privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn.
	Dersom vassleiding vert knytt til / kryssar annan manns grunn, det føre – rett til / avtale om slik tilknytning / kryssing, som er tinglyst? Ja <input type="checkbox"/> ligg <input type="checkbox"/> Nei
Avløp. Pbl 2008 § 27-2, § 27-3.	Tilknytning i forhold til tomta.
	Gjev tiltaket endra tilkomst? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	Tomta har tilkomst til følgjande veg, medan tilkomsten er opparbeida og open for ålment ferdsle:
	<input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg.
	<input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg.
	Skal det installeras vassklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	Ligg det føre utsleppsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	Dersom avløpsleiding vert knytt til / kryssar annan manns grunn, ligg det føre – rett til / avtale om slik tilknytning / kryssing, som er tinglyst? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Overvatn.	Takvatn / Overvatn vert ført til <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input type="checkbox"/> Terrang

Vedlegg.			
Liste over vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknad	B		<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/kvittering, kommentarar/merknader til varsel).	C	X	<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonsplan, tilkomstplan	D	X	<input checked="" type="checkbox"/>
Teikningar. Plan, snitt, fasade, profil. (Eksisterande og nytt).	E	X	<input checked="" type="checkbox"/>
Uttale frå andre Mynde	I		<input type="checkbox"/>
Ev. samtykkje til plassering (nær eller over annan manns grunn).	Q		<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q		<input type="checkbox"/>

Stadfesting og underskrift.		
<b>Tiltakshavar</b>		
Tiltakshavar plikter å gjennomføre tiltaket i samsvar med Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.		
Namn	Telefon dagtid	Mobiltelefon
Vidar Rydland	56 37 51 53	91 34 74 43
Adresse	Postnr.	Poststad
Bruvegen 100	5914	Isdalstø
Dato	Underskrift	e-Post
29.11.2016	Kjersti Kjenes Rydland Vidar Rydland	vrydland@online.no

## **SØKNAD OM GODKJENNING AV PROSJEKT FOR REHABILITERING / FORNYING – G.NR. 188, B.NR. 485**

Vi søker om godkjenning av prosjekt for rehabilitering / fornying på begge sider av rekkjehuset i Bruvegen 100.

### **BAKGRUNN FOR SØKNADEN / SPESIFISERTE OPPLYSNINGAR**

Vi har budd i Bruvegen 100 i 15 år og har lenge sett fram til å få utvida verandaen på sørsida, og få ny bod og ny veranda på nordsida. Av praktiske årsaker som nemnt nedanfor bør vi ikkje vente lenger med å ta stilling til dette.

#### **1. Fasade mot sør/søraust: Utviding av veranda.**

Tredragaren under verandaen på sørsida har fått roteskade og må skiftast. Vi ønskjer då samtidig å utvide verandaen med 100 cm.

Noverande mål på verandaen er:  
Lengde 593,5 cm.  
Breedde 131 cm. Ønskjer å utvide til 231 cm.  
Høgde på rekkverket er 90,5 cm.

#### **Grunngjeving:**

Vi har fått opplyst at tredragarane som vart brukt under desse verandaene truleg ikkje vart impregnert på same måte som i dag. Som nemnt har vår tredragar fått roteskade og må skiftast. (Ifølgje fagfolk vil det same kunne skje med tredragarar hjå andre bueiningar etter som tida går.)

Vår bueining ligg eit stykke frå Strandvegen nedanfor, litt tilbaketrekt i ein huk, og er delvis løynd av husrekka i Strandvegen. Ei utviding av verandaen vil såleis ikkje vere særleg merkbar i bumiljøet, bortsett frå dei næraste naboane.

Eit anna moment som betyr svært mykje er at det vil vere mykje enklare å male øvste delen av fasaden på sørsida, då dette kan gjerast frå ein utvida veranda.

Dei fleste rekkjehusa i Bruvegen og Strandvegen har allereie utvida verandaen på sørsida. Viser til skråfoto av ein del av området frå telefonkatalogen 1881, vedlegg nr. 2.

Vårt hus er med i Rabben Vel som omfattar Bruvegen 60-108, gnr. 188, bnr. 466-489 + bnr. 491. Bueiningane i Rabben Vel er sjøveigande til skilnad frå resten av rekkjehusa i området som består av burettslag. I Rabben Vel (25 bueiningar) har 10 bueiningar fått utvida denne verandaen, medan 15 er uendra. Vi synest at også dei sistnemnde bør få løyve til same løysing, sjølv om ikkje alle vel å gjere dette samtidig. Dersom alle, ev. dei som er i same rekkje-eining (3-4 husstandar), skal måtte vere samde på same tid, er det lite sannsyneleg at dette vil skje. Situasjonen vil difor vere «låst» om ei bueining skulle ønskje å utvide verandaen medan naboane ikkje ønskjer dette.

Døme: Vi har registrert at det vart godkjent at Bruvegen 72 / bnr. 471 ikkje har utvida denne verandaen, medan dei tre andre i same rekkje-eining har fått godkjent dette (bnr. 469, 470 og 472). Bruvegen 80 / bnr. 475 har fått utvida verandaen, utan at dei tre andre i same rekkje-eining måtte gjere dette samtidig.

Av praktiske årsaker meiner vi tida no er inne for at kvar bueining bør få løyve til å utvide verandaen på sørsida når den enkelte måtte ønskje, ev. i samband med skifte av tredragar. Om vi skal skifte tredragaren og fonye verandaen no og så ev. utvide veranden seinare, vil dette føre til meir enn dobbel kostnad for oss.

Den eine naboen vår, Rita Leikvoll i Bruvegen 98, bnr. 484, har kommentert at vi ikkje har nemnt noko om ev. vegg mellom ein utvida veranda og hennar veranda. (Det same vil gjelde i høve til den andre naboen, Gerd Dusenbury i nr. 102, bnr. 486.) Vi har tenkt at dette kan løysast ved at vegg berre vert brukt når vi er på verandaen, og at den vert tatt bort når vi ikkje er der. Veggan kan t.d. henglast og svingast ut/fram når veranden vert brukt, og svingast inn/tilbake når verandanen ikkje vert brukt. Eller det kan monterast ein lettvegg i tilpassa spor, og som enkelt kan setjast opp / takast ned etter behov. Vi er innstilt på at veggane skal vere til minst mogleg ulempe for naboane våre.

## **2. Fasade mot nord/nordvest: Riving og gjenreising av bod. Ny veranda over bod og inngangsparti.**

Taket på boden ved inngangen på nordsida har lekkasje, og det har kome fuktskader innvendig. Bodan bør skiftast og erstattast med ny av same sort. (Rehabilitering er ikkje tilrådd av fagfolk.) Samtidig ønskjer vi å byggje veranda over boden og det opne inngangspartiet.

Vi ønskjer å rive noverande bod, og oppføre ny bod med same utsjånad og storleik. Taket på ny bod får ei tilpassa form for å fungere hensiktsmessig under nytt verandagolv, sjå nedanfor. Vi vil også vurdere å isolere boden.

Vi ønskjer å lage veranda langs heile fasaden – over boden og det opne inngangspartiet. Breidda på verandaen vert like stor som lengda på taket på boden.

Vi viser elles til teikningar for endringane, vedlegg nr. 1.

### **Grunngjeving:**

Bueiningane i Rabben Vel er plassert slik at vi har fin ettermiddagssol i inngangspartiet om sommaren.

Som nemnt har boden vår fått fuktskade og bør erstattast med ei tilsvarande ny. Det er då hensiktsmessig å byggje veranda over bod og inngangsparti samtidig. Å lage veranda seinare vil verte vesentleg dyrare for oss. Det vil også vere mykje lettare å male øvste delen av fasaden på nordsida frå verandaen, slik vi delvis kan gjere frå bodtaket i dag. I vår rekkje-eining (Bruvegen 96-102) er det allereie bygt slik veranda i Bruvegen 96 / bnr. 483. Tilsvarande er gjort i Bruvegen 88 / bnr. 479. I Bruvegen 60-78 / bnr. 491 + 466-474 er det bygt slik veranda i 9 av 10 einingar.

Vi imøteser ei positiv handsaming av søknaden. Noko må rehabiliterast i nær framtid, og vi ønskjer samtidig å få utført dei endringane som er nemnt ovanfor, slik mange andre i vårt buområde har gjort.

Knarvik, 28.12.2016.

*Kjersti Kjenes Rydland*  
Kjersti Kjenes Rydland

*Vidar Rydland*  
Vidar Rydland